

Nysæter kyrkjelyd

Årsmelding

2020



" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "
- Visjon Nysæter kyrkjelyd

Visjonen til Nysæter kyrkjelyd lyder slik: «Nysæter kyrkje – ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand». Dette har også i 2020 vore utgangspunktet for arbeidet i kyrkjelyden. Eit år med varierte aktivitetar, men som også har vore prega av eit annleis arbeidsår.



NYSÆTER	2018	2019	2020
Døyppte	21	38	21
Konfirmerte	34	24	34
Vigsler	1	1	2
Gravferd	14	21	14
Gudstenester	58	51	56
Deltakarar	6 080	5 494	3 098
Takkoffer	223 704	223 954	144 955
Utmeldingar	7	16	13
Innmeldingar	1	3	1

Årsmelding 2020 – SOKNERÅDET

Soknerådet har i 2020 hatt denne samansetninga:

Tilsette:	
Jørgen Knudsen	Sokneprest
Faste medlemmer:	
Marit Stalheim Grimstad	Leiar / medlem i gudstenesteutvalet og fellesrådet
Oddbjørg K. Løkling	Nestleiar / møtebokfører og medlem i trusopplæringsutvalet
Marta Kristin Valvatne	Medlem i diakoniutvalet
Katrine Valvatne Kvernenes	Medlem i trusopplæringsutvalet
Jens Arne Stautland	Medlem i gudstenesteutvalet og fellesrådet
Heine Kaldefoss	Medlem i kulturutvalet
Varamedlemmer:	
Karen Marie Valvatne	Medlem i kulturutvalet
Ingebjørg Grønsdal	Medlem i diakoniutvalet
Randi Bod Haugsdal	Misjonskontakt
Ståle Betten	Representant i Sagvåg forum
Kristine Wiersen	

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet hadde i 2020 7 møte og handsama 58 saker. Av desse møta var 2 digitale. Soknerådet samarbeider godt, består av medlemmer med ulik kompetanse, har eit stort engasjement og som vil det beste for kyrkjelyden. Me er glade for eit godt samarbeid med sokneprest og dei andre tilsette i staben på kyrkekontoret.

Me i soknerådet ynskjer å vidareføre «vidare ut – djupare inn» som ei overskrift for arbeidet i Soknerådet denne perioden. Dette var òg ei hovudoverskrift då me våren 2020 samla rådet til ei strategisamling. For kvar av hovudområda – diakoni, gudsteneste, trusopplæring og kyrkjemusikk / kultur jobba me ut frå følgjande spørsmål: Kva får me til / Kva er me gode på? Kva vil me halde fram med? Kva drøymmer me om? Kva saknar me? Arbeidet me gjorde denne dagen munna ut i eit strategidokument som vert førande for soknerådet sitt fokus denne soknerådsperioden. Dokumentet skal opp som drøftingssak ein gong i året.

Soknerådet og kyrkjelyden sitt arbeid vart dette året prega av Covid 19 pandemien. Me hadde fleire digitale soknerådsmøte og fleire av møtepunkta for kyrkjelyden og trusopplæringa vart endra. I starten vart mykje avlyst, og når me fekk lov å møtast var det færre som kunne møtast. Dette ser me har sett sit preg på møtepunkta. Me i soknerådet vil gje honnør til dei tilsette for kreativitet og evne til å «vere på» og tenkje nytt i arbeidet. Diakoni er kan hende det området som har lidd mest dette året. Det å vere tilstades i andre menneske sitt liv gjennom å møtast har vore vanskeleg. Me vonar at året som ligg framfor vert annleis i så måte.

Midt i alt er me glade for dei arrangementa og møtepunkta me har klart å samle kyrkjelyden til.

- I påskeveka var det open kyrkje
- Fleire av søndagane der det ikkje var gudsteneste, opna me kyrkja
- 21. juni hadde me familiedag på Litlabø gruveområde i samarbeid med venelaget
- Tilpassa møtepunkt i fleire av T- tiltaka
- Me har hatt fokus på kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland og fleire ofringar til misjonsprosjektet

OVF- midlar

Av gode nyhende kan me nemne at soknerådet søkte og fekk OVF midlar, Opplysningsvesenets fond. Det vart søkt støtte til følgjande tiltak:

1. Mat & prat for småbarnsforeldre
2. Kyrkje(mid)dag
3. Aktivitetsdag på dagtid ved skulefri
4. Puls på livet

Desse tiltaka har me måtta ha pause frå i 2020, men vonar at midlane kan nyttast på ein god måte når me kjem i gong att i året som ligg framføre.

Gudstenesteordning

Soknerådet og tilsette hadde i august 2020 ein temadag der me starta opp arbeidet med ny gudstenesteordning. I forbindelse med innføring av ny gudstenesteordning frå 1. søndag i advent 2020, vedtok soknerådet ny lokal grunnordning. Som del av kursdagen 22. august vert det lagt opp til at sokneråda i Stord kommune gjer vedtak om oppstart av arbeidet, som t.d. tidsplan og ansvarsfordeling for arbeidet med framlegg til ny ordning.

Frivillige medarbeidarar

Me er ei aktiv kyrkje der det skjer mykje og der mange er engasjert som frivillige medarbeidarar. I dette annleisåret vil me gje ei stor takk til alle de som på ein eller annan måte gjer teneste knytt til arbeidet i kyrkja, anten det er oppgåver i tilknytning til gudstenesta, diakoni, trusopplæring eller andre møtepunkt.

Misjonsprosjektet i Estland

Nysæter kyrkje har misjonsprosjekt «Kyrkjeplanting i Estland» i samarbeid med NMS. Me har også i 2020 hatt fokus på misjonsprosjektet. Det kom i 2020 inn kr 28 975 til misjonsprosjektet. Me hadde besøk av Roar Vik frå NMS i gudstenesta 20. oktober der Roar på ei fin måte gav oss eit innblikk i arbeidet NMS gjer i Mustame og Saku. I gudstenesta fekk me også ei videohelsing frå Estland.

Oppsummering og tankar for 2021

Soknerådet har ansvar for arbeidet som skjer i kyrkjelyden og tek avgjersler på vegne av kyrkjelyden. Vårt hovudmål for arbeidet i 2021 er at fleire i bygda vår skal få gode opplevingar i kyrkja og oppleve at kyrkja er aktuell for dei. Me vonar me kan vere fleire som kan møtast og at dei gode møtepunktene me starta opp med i 2019 kan starta opp att.

Me i soknerådet arbeider for at unge og eldre skal kjenne seg heime i kyrkja, vekse i tru og oppleve fellesskap med kvarandre. Me ynskjer at fleire skal kome på gudstenestene, og håpar at når fleire blir med på planlegging og gjennomføring kan det bidra til dette. Me ynskjer og at fleire skal oppleve eit godt fellesskap i kyrkja. Får me til ein kyrkjelydsfest i løpet av året? Det som er sikkert er at Nysæter kyrkje kan feire 30. års jubileum i desember. Komiteen er godt i gang med arbeidet. Dette kjem til å sette sitt preg på møtepunktene me har hausten 2021.

Marit Stalheim Grimstad
Leiar i Nysæter sokneråd

Årstankar frå soknepresten 2020

Korona-året

Mykje spennande har skjedd siste året. Slik pleier årsrapportane mine ofte begynne. 2020 vart eit i overkant spennande eller annleis år. Ingen av oss hadde vel sett at vi skulle få ei nedstenging 12. mars og gå på sparebluss store deler av året.

Alt av planar vart lagt vekk eller måtte omarbeidast, og nye arbeidsmåtar innførast innføre strenge smittevern reglar.

Gudstenestene vart bytta ut med open kyrkje, og etter kvart ei forsiktig opning og digitale samlingar. Dåp og vigslar vart avlyste eller flytta framover i tid til betre tider. Gravferder vart gjennomførte med sterkt redusert frammøte. Konfirmasjonane vart flytta til september. Vi var heldige og vart ferdige før neste nedstenging var eit faktum. Kyrjekontor vart bytta ut med heimekontor, og telefonen vart eit viktig verktøy. Soknerådet sitt arbeid vart sett på sparebluss, men sakshandsaming og forvaltning fekk no gå sin gang.

Utfordringane framover er fyrst og fremst å starte opp att arbeidet og tenesta mellom folket i bygdene våre. Dette gjeld særleg satsinga på å knytte kontakt med barnefamiljar, og å vere på banen med eit solid tilbod til ungdom.

Vidare voner eg at den digitale satsinga vi vart tvinga til å gjennomføre kan takast med vidare til nytenking og velsigning for kyrkjelydsarbeid.

Statistikken for 2020 syner at Nysæter kyrkjelyd var prega sterkt av Corona-restriksjonane. Alle talla vi måler aktivitet med har gått markert ned. (Sjølv gravferder har overraskande gått ned, noko som er ein effekt av betre handhygiene og mindre normal influensa!)

Det som er gledeleg å sjå er oppgangen i tal frammøtte på babysong. Det er eit uttrykk for at trusopplæringa si satsing på utandørs arrangement dette året har lukkast. Fleire andre trusopplæringsarrangement vart og lagt utomhus, og erfaringane frå dette var svært gode.

Det er framleis sant, det eg skreiv på slutten av fjorårsrapporten:

«Nysæter kyrkjelyd er ein kyrkjelyd med preg av storby (!) Statistikk tala har over lengre tid ein svak nedgåande trend. Svingingane frå år til år skal ikkje gje oss bekymring. Dei er noko tilfeldige grunna ulik storleik på barne og ungdomskulla. Samstundes må me ta den langsgåande trenden på alvor. Kyrkja har ikkje ein sjølvstendig og synleg plass i folk flest sitt kvardagsliv. Kallet vårt vert tydleg: Å vere ei synleg kyrkje mellom folk i Nysæter sokn, og trufast stå i tenesta. Mange tek utfordringa, nyttar sine talent og byggjer kyrkjelyd på kvar sin stad og måte.»

Det er fint å vere prest i Nysæter kyrkjelyd – ein heim for alle, der finn vi tru, håp og kjærleik i Guds hand.

Jørgen Knudsen
Sokneprest i Nysæter

Årsmelding kyrkjemusikk frå 2020

Året 2020 vart eit uvanleg år i Nysæter sokn, også når det gjeld det kyrkjemusikalske. Grunna koronasituasjonen frå mars og ut året vart mange ting annleis enn ein hadde tenkt.

Kyrkjekoret Sanctus (utvida med 10 ekstrasingarar) skulle i mars ha jubileumskonsert med Messe for en såret jord (Hillestad/Bjørnstad), dette med stort band og solist. Denne vart flytta til november då koronautbrotet kom. Me tenkte vel at november skulle vera trygt å flytta den til, men me veit jo no i ettertid at så greitt var det ikkje. Då november kom og ny nedstenging vart ein realitet flytta me messa nok ein gong, no til mai 2021. Det som har gjort dette prosjektet ekstra krevjande er jo at Sanctus har økonomisk ansvar for bandmusikarane, desse har gjerne sagt nei til andre jobbar for å gjera denne jobben for Sanctus og dei taper dermed pengar. Koret har difor kompensert ein del utgifter til musikarane allereie. Dei har øvd på prosjektet før dei visste om avlysing osv. I allefall, me kryssar fingrar for at me får gjennomført messa (ein gong...).

Heldigvis laga det seg ei lita opning i smittesituasjonen på seinsommaren, dermed klarte Sanctus å gjennomføra ein salmekveld søndag 6. september saman med tre jazzmusikarar. Dette vart ein opptur for koret, og så vidt eg har forstått også for folk som kom og tok del.

Julekonserten som normalt går av stabelen 3. søndag i advent i Nysæter kyrkje vart i 2020 avlyst grunna nedstengingssituasjonen. Det vart istaden gjort opptak av kor, musikklag, skulekorps, instrumentalistar same kveld (3.s.i advent) her i kyrkja. Desse opptaka vart sende digitalt utover i advent/juletida. Mange har sett på dette og det har iallefall vore eit plaster på såret for avlyst konsert. Magne Langåker gjorde ein flott jobb med opptaka. Avlysing av julekonserten i Nysæter kyrkje gjorde sitt til at inntekter til kyrkjemusikk gjekk mykje ned, denne konserten gir gjerne omlag kr. 7000,- i inntekter.

Gudstenestene har dette året (frå mars av) stort sett vore utanom det vanlege, i periodar ingen gudstenester, berre digitalt, i andre periodar med max 50 tilstades. Nokre solistar har vore med ved desse gudstenestene, t.d. saxofonist i konfirmasjonar i september, men og nokre barn ved familiegudstenester. Julafta vart fiolinist og hornist nytta saman med orgel, og 1.juledag trompetist. Likevel har koronasituasjonen naturleg nok ført til mindre aktivitet på dette feltet enn normalt.

Av reine utleigekonsertar har det dermed og vore mindre aktivitet enn normalt, men nokre konsertar har det vore. T.d. hadde damekoret Corona (!!) konsert 10. desember saman med Ungdomskoret Stord kulturskule. Vokalensemblet mMokkat hadde også konsert tidleg på året.

Til sist, og som eg vel nemner kvart år; salmesong/allsong i Nysæter kyrkje er svært god og inspirerende, faktisk og med relativt få i kyrkja. Det er fint!

Bjarte Aadland, kantor

Årsmelding 2020 – Sanctus

Styret har i 2020 vore samansett som følgjer:

Jens Arne Stautland, Inger Johanne Moe, Arne Fyllingen, Berit Marie Nesse, Bjarte Aadland.
Vararepresentantar: Gunnlaug Hystad, Gunnar Nysæter. Valnemnd: Randi Nysæter, Toralf Tveit. I året 2020 var det 14 medlemmer i koret. Dirigent for koret er Bjarte Aadland. Styret har hatt 9 styremøter i 2020. Øvingane har vore i Nysæter Kyrkje.

Aktivitetar i året 2020:

Hovudfokuset i 2020 var avvikling jubileumskonserter (25 år i 2019) og jubileumsfesten på Utstein Kloster. Men på grunn av nasjonale føringar, restriksjonar og nedstenging vart begge desse aktivitetane utsett til 2021.

- Onsdag 8. januar: oppstart vårsemester
- Onsdag 12. februar: Årsmøte
- Søndag 9. februar: Deltaking kveldskonert i Stord kyrkje
- Søndag 22. mars: Planlagt jubileumskonert, utsett til 15 november
- Lørdag 13. juni: Planlagt jubileumsfest, utsett
- Onsdag 2. september: oppstart haustsemester
- Søndag 6. september: Delteke på salmekveld i Nysæter kyrkje
- Søndag 11. oktober: Delteke på gudsteneste i Nysæter kyrkje
- Søndag 15. november: Planlagt jubileumskonert, utsett til 9 mai 2021
- Søndag 13. desember: Delteke i digital julekonert
- Fredag 25. desember: Forsong – Juledagsgudsteneste Nysæter kyrkje

Alle koret sine andre aktivitetar vart avlyste grunna koronarestriksjonane.

Styret har også i 2020 fokusert på at Sanctus skal vera ein aktiv medspelar i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkja, men dette året då innanfor dei rammer som lokale/nasjonale myndigheter har fastsett. I dette spesielle året har det vore sentralt å ha fokus på å ivareta korfellesskapet.

Rekruttering

Styret planlegg i 2021 ein innsats for å få med fleire songarar i koret.

Koret takkar:

Sanctus vil spesielt i år retta ein stor takk til Bjarte, dirigenten vår!

Ser fram til eit godt korfellesskap også i 2021!

Stord, 31.12.2020 - Styret i Sanctus (dette er ei forkorta utgåve av årsmeldinga til Sanctus)

Årsmelding Diakoniutvalet 2020

Årsrapporten for den diakonale tenesta i 2020, er prega av koronaepedemien, og at soknediakon Lisbeth Nygård takka av etter fleire år i tenesta. Olaug Irene A. Gloppen_begynte som soknediakon 01.12.2020, og vart innsett som soknediakon søndag 13. desember i Stord kyrkje.

Diakoniutvalet_ har hatt 2 representantar frå kvart sokneråd. Dagfinn Koppang (leiar) og Signe Wiersen Vorland frå Stord sokneråd, og Ingebjørg Grønsdal og Marta Kristin Valvatne frå Nysæter sokneråd.

Diakoniarbeidet har lange tradisjonar i Stord og Nysæter. Diakoni kan kallast «kyrkja sin livspust» eller «den levande kyrkja i handling». Mykje frivillig diakonalt arbeid vert gjort, og den diakonale tenesta flettar seg inn i både prestane og pedagogane sine oppgåver. Både soknediakon og diakonimedarbeidar Hjørdis J. Heggland vil takka alle frivillige for den gode diakonale tenesta som vert gjort i Stord og Nysæter.

Fram til 13. mars, då alt blei stengt ned nokre månader, var arbeidet sentrert om :

- Båreandaktar og gravferder
- Sorggruppe i lag med Bømlø
- Besøk og telefonkontakt med einsame, sjuke og sørgjande
- Andaktar på Buneset, Stord sjukeheim og Knutsaåsen
- Eldretreff på Nordbygda bedehus
- Var med på å arrangera Kvinnenenes Internasjonale Bønedag i Frelsesarmeen sine lokaler.

Resten av året har arbeidet vore knytta til blomehelsingar til pårørande etter dødsfall, førebuing og gjennomføring av minnegudstenester, samt samarbeid med stab og frivillige.

Året 2021 er eit usikkert år når det gjeld å planlegge diakonale tiltak, pga. koronaepedemien. Likevel er det viktig med visjonar og ønskjer for den diakonale tenesta i 2021 både for Nysæter og Stord sokn. Det er kanskje i år at diakoni blir ekstra satt på prøve. Samstundes er det særskilt viktig å synleggjere Guds kjærleik til alle menneske. Diakoni handler om «å gå i lag med folk»; om det er i motbakke, i ulent terreng, i nedoverbakke eller når stien går strak og lett rett fram. Dette er noko alle kan gjera; å vere eit medmenneske i kvardagen. Det er no ei utfordrande tid vi alle lever i alle saman. Vi treng kvarandre!

«Ordet blei menneske», les me i starten av Johannesevangeliet. Jesus blei menneske. Som hans barn kan vi vera Hans hender, føter, auge og munn.

Olaug Irene A. Gloppen, soknediakon

Trusopplæring Nysæter sokn

På same måten som dei nyfødde må læra livet å kjenna, må barna læra å kjenna den trua dei er døypte til. Det er bakgrunnen for at me driv trusopplæring i kyrkja.

Tilsette i trusopplæringa:

Elisabeth Fauskanger 100% stilling, Brynhild Meyer Stautland 60% stilling og Anne Brandvik Nilsen 20% stilling frå 1. januar til 1. august og 90% frå august og ut året.

Elisabeth er med på samlingane for barn og unge 0-13 år, i tillegg til samlingar med unge frivillige. Ho var med på oppstarten av Kyrkje(mid)dag og Open Kyrkje i vår. Administrasjon, oppfølging av utval og samarbeid om gudstenester er og hennar ansvar. Brynhild har hovudansvar for konfirmantarbeidet, MILK og KRIK. Anne er med på konfirmantarbeidet og nokre av samlingane for barn og unge 0-13 år.

Koronaåret 2020

2020 blei eit heilt spesielt år og eit heilt annleis år. Koronapandemi, smittevern, restriksjonar og avlyste samlingar prega arbeidet i trusopplæringa frå mars til desember. Nokre få samlingar tidleg på året blei gjennomført som planlagt. Frå mars til juni blei alle fysiske samlingar avlyst. I september og oktober blei samlingane inne gjennomført med stort fokus på smittevern; eigne matter å sitte på, eigne posar med aktivitetar alt for å halda avstand til kvarandre. I november og desember blei samlingane inne i kyrkja igjen avlyst, mens nokre få samlingar blei flytta utandørs og gjennomført som reine utearrangement.

Fysiske samlingar

Mat og prat og Babysong. Fram til mars var det Mat og prat for småbarnsforeldre med servering av lunsj og god tid til prat kvar måndag føremiddag, med songstund i forkant annakvar veke. På Mat & prat varierte frammøtet kvar gong mellom 10-20 born, både heimehøyrande i Sagvåg og i Leirviksområdet. På hausten vart dette endra til babysong på dagtid annakvar veke med song, regler, servering av lunsj og prat.

T 0-6 Open kyrkje

Samling med song, bibelforteljing, servering av pølse i brød og leik for barn i alderen 0-6 år med familie. Open kyrkje var nytt i 2020, sosialt og kjekt å vera med på for både små og store. Samla var deltakinga på Mat og prat, babysong og Open kyrkje 30% av dei under ett år, 49% av 1-3 åringane, 10% av 4 åringane, 20% av 5 åringane og 15% av 6 åringane.

T4 Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbok

Då gudstenestene med utdeling av fireårsbok skulle gjennomførast i november var det ei maktsgrense på 50 i kyrkja. Grunna smittevern og krav til avstand blei det ikkje invitert til undretur. Frå normalt ei gudsteneste dobla me og inviterte til to gudstenester og 40% av dei inviterte fireåringane kom.

Kyrkje(mid)dag

Våren 2020 var det planlagt 3 samlingar med eit nytt tilbod med alle aldrar som målgruppe; kalla kyrkje(mid)dag. Me fekk gjennomført bare den første samlinga med middagservering, prat og bibelforteljing. Ei positiv oppleving med godt frammøte gjer at me håpar å kunne gjenoppta dette når koronasituasjonen tillèt det.

T6 Førsteklasses

I 2019 vart det for første gong invitert til skulestartsamling med middag for 6 åringane med familie. I 2020 let dette seg ikkje gjera p.g.a. korona situasjonen, men 6 åringane blei invitert til hausttakkefest i september og 10 % fekk Sakkeusbok i gåve.

T678 B:Kids

Våren 2020 var det planlagt og invitert til 3 samlingar for denne aldersgruppa i samarbeid med B:Kids på Sagvåg bedehus. Ei samling blei gjennomført, med 15% frammøte i den aktuelle aldersgruppa.

T 7-10 Gud skapar – me tek vare på

«Gud skapar – me tek vare på» var overskrifta på eit nytt tiltak i 2020. To ute-samlingar med fokus på skaparverket. Bjarte Aadland var med då tema var småkryp og insekt. Marit Langåker var med og fortalte og viste om livet i fjæra i Sætrevik. 8% av barna i målgruppa deltok.

T9 Tårnagenthelg

Tårnagenthelga var heilt i starten av mars og kunne difor gjennomførast som eit «full-skala arrangement» med program laurdag og familiegudsteneste søndag. 28% av niåringane deltok på Tårnagenthelga.

T11 Lys vaken

Lys vaken blei arrangert i månadsskiftet november/desember med tema om lys og mørke. Pga koronasituasjonen var heile opplegget utandørs, der barna ved dei tre barneskulane blei invitert kvar for seg til kortare samlingar. På den måten kunne dei som var i kohort på skulen vera saman på Lys Vaken. 16 % av 11-åringane deltok.

T 10-12

I januar inviterte me for første gong til fredagskveld i kyrkja med overskrifta «Like mykje verd», fokus på misjonsprosjektet i Estland og taco. Eit flott arrangement der 21% i aldersgruppa deltok.

T14 Konfirmasjon

Konfirmantane har samlingar etter skuletid på tysdagar. Samlingane startar med mat, vidare er det undervisning i stor gruppe, lek og samtale/aktivitet knytta til tema i mindre grupper. Etter 12.03 vart det ein del endringar i opplegget, men me var heldige og fekk til ei fysisk samling ute i mai/juni. Konfirmasjonane vart flytta til september, og me hadde fleire gudstenester enn me plar ha. I haust kom me seinare i gang med konfirmantane enn vanleg. Oppstarten var ganske normal, men etterkvart har det blitt ein del endringar. Ein del samlingar har gått ut og me har prøvd å nå konfirmantane med digitale opplegg. Og når me har fysiske samlingar har det blitt endringar. Me har kortare samlingar med færre konfirmantar. KonfTreff i Nysæter og Konfirmantfestivalen på Langevåg har ikkje blitt gjennomført. Kullet 19/20 var det 34 konfirmantar. 74% av dei døypte i dette årskullet.

Kullet 20/21 er det 33 konfirmantar. 73% av dei døypte i dette årskullet. 1 konfirmant vert døypt dette året.

T15,16,17,18 Vegen vidare

I haust starta me med MILK for 5 ungdommar i 10. klasse frå begge kyrkjelydane. Det har ikkje blitt meir enn ei samling i haust grunna korona. Desse ungdommane deltek og som leiarar i trusopplæringa. Frå hausten 2019 har Sing sing og KRIK samarbeida om samlingane sine. Dette året er det i praksis berre KRIK som fungerer. Det er samlingar ute og i gymsalen på Rommetveit, alt etter kva smittevernreglane tillet. Ca 15 ungdommar er innom samlingane våre. Positive og kjekke samlingar med mykje aktivitet. Nytt i 2020 var eigne sosiale samlingar for dei unge frivillige medarbeidarane i trusopplæringa, felles for både Nysæter og Stord. I juni var 16 ungdommar med på tur til Huglo og i desember var omlag like mange med på tur til gapahuken i Skjepåsen. Målet med desse samlingane er både eit sosialt fellesskap med mat, prat og konkurransar og ein arena for rekruttering av nye unge medleiarar.

Digital trusopplæring og andre tiltak frå og med mars

I mars stengte Norge ned og alle fysiske samlingar i trusopplæringa blei avlyst. Ganske snart la me tilsette på kyrkjekontoret ein vekeplan for digitale innslag der det blei lagt vekt på at alt me publiserte skulle lagast lokalt av dei tilsette. Måndag skulle vera trusopplæringa sin dag på nettside og Facebook side. Me filma og la ut songstunder, høgtlesing og bibelforteljing. Kjente ansikt i filmene blei eit bindeledd til kyrkja for barna. Me la og vekt på at det me publiserte i trusopplæringa skulle variera og ha ulike aldrar som målgruppe.

For konfirmantarbeidet innebar nedstenginga og raudt nivå i ungdomsskulane at dei fysiske samlingane blei erstatta av digitale opplegg både på våren og på hausten. Fasteaksjonen blei og digital. Konfirmantane deltek på gudstenester gjennom året. Når det ikkje har vore fysiske gudstenester deltek konfirmantane på gudstenestene med å sjå digital gudsteneste, og så senda inn svar på spørsmål frå gudstenesta.

I tillegg til digitale innslag leverte me og nærare 150 bokgåver i postkassane til barna under skulealder (samla tal for Stord og Nysæter) som hadde delteke på samlingar i trusopplæringa. Alt for å halde kontakt mellom barna og oss tilsette i trusopplæringa.

Kvar søndag blei det publisert gudstenester på nett, der trusopplærarane deltok på fleire. Avlyste samlingar gav oss tilsette og ein anledning til faglig oppdatering og deltaking på digitale kurs.

Før jul inviterte me til å ta med materialpakke med «Jula i eit nøttekall» frå kassar utanfor kyrkja. Til saman blei det frå kassane utanfor kyrkja på Stord og Nysæter henta over 80 slike materialpakkar. Takk til Barbro H. Andersen og Nancy Aasheim som la til rette for dette.

Frivillige medarbeidarar

Frivillige medarbeidarar er gull verdt i trusopplæringa. I 2020 var det 35 frivillige medarbeidarar på dei ulike T-dagane, på familiegudstenester i konfirmantarbeidet. Både me som er tilsette i trusopplæringa og dei andre tilsette som samarbeider med frivillige vil retta ei stor takk til alle som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja.

Unge medleiarar

Me har i 2020 hatt auka fokus på rekruttering og deltaking av unge frivillige medarbeidarar til samlingane i trusopplæringa. Det er flott med ivrige unge medleiarar som gjer ein strålende jobb.

Inspirasjonskveld

28. oktober inviterte trusopplæringsutvalet til Inspirasjonskveld i Stord kyrkje for frivillige medarbeidarar og tilsette som deltek i trusopplæringsarbeidet. Det blei ein flott kveld der omlag 50 deltok frå både Stord og Nysæter. Tor Øyvind Skeiseid hadde inspirasjonsføredag. I tillegg deltok fleire lokale med opplesing, song og musikk.

Trusopplæringsutval

Trusopplæringsutvalet er felles for Stord og Nysæter med to representantar frå kvart sokn og einingsleiar. Frå Nysæter sokn er Oddbjørg Løkling og Katrine Valvatne Kvernenes med.

Trusopplæringsutvalet har i 2020 hatt fire møter og handsama 14 saker.

Trusopplæringsutvalet arbeider godt saman.

Oppsummering og tankar for 2021.

2020 blei eit år heilt annleis det me såg for oss då me på nyårsaftan 2019 ønska kvarandre «godt nytt år». I løpet av året har me kjent på ei mengde ulike kjensler. Me har kjent på frustrasjon over planar som ikkje blei noko av og planar som måtte endrast. Me har vore spent på reaksjonar frå familieane når endringar har blitt gjort, f.eks då konfirmasjonane blei flytta til hausten. Me har kjent på tristhet for dei nystarta tiltaka som me så vidt hadde kome i gang med då alt blei stengt ned i mars. Me har vore lei oss for alle dei barna og foreldra som me ikkje har kunne vera saman med. Me har kjent på usikkerhet og vore nervøse for smittevern og korleis me kunne ha fysiske samlingar på hausten. Men me har og kjent på initiativ og kreativitet når me har planlagt alternative samlingar. Og ikkje minst har me kjent på glede over godt samarbeid i staben og over å oppleve kor langt ut me har nått digitalt.

Me kjenner takksemd over gode tilbakemeldingar og tek alt dette med oss inn i arbeidet i 2021. Eit år som og er prega av koronasituasjonen. På bakgrunn av det gjer me i trusopplæringa alle samlingane for barn og unge 0-13 år til utesamlingar våren 2021. Me gler oss!

Elisabeth Fauskanger

Einingsleiar trusopplæring

			Rekneskap	2020	Budsjett	2020
Inntekts- konto	Kostnads- konto	Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
		Total			363000	363000
		Balance				
		1: Overføring FR Diakoni og trusopplæring			28000	28000
6109		Deltakarbeting T-dagar	400		5000	
8601		Takkoffer Diakoni	5080		8000	
8602		Takkoffer trusopplæring	15586		15000	
	4401	Overføring til FR		20923,5		28000
		2: Takkoffer / innsamling til andre			160000	160000
8650	4650	Takkoffer til eksterne organisasjonar	38881	38524	90000	90000
8651	4651	Fasteaksjonen			35000	35000
8652	4652	Misjonsprosjektet	28975	28739	35000	35000
	4700	Tilskott/ stønad andre org.				
		3: Kyrkjelydsarbeid			145000	115000
8600		Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	36023		45000	
8606		Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet	12761		10000	
8700		<i>OVF - midlar prosjekt</i>	25000		35000	
6200		Arrangement inntekter	13091		10000	
6201		Basar / fondsmidlar			44000	
	1101	Konfirmantfest				1000
	1106	Barne og ungdomsarbeidet				10000
	1107	Lokale diakonale tiltak (mat og prat mm.)				10000
	1201	Velferdstiltak, gåver ol.				4000
	1202	Mat, servering, kyrkjekaffi osv.		5169		10000
	1207	div. andre utgifter				1000
	1400	Annonser		2208		3000
	1401	Kyrkjeblad (NY tidl. 4654)				15000
	1402	Informasjonsmateriell				
	1500	Kurs		10821		10000
	1501	Arrangement ugifter (NY)		1974		8000
	2000	Innbu, utstyr, bøker				2000
	2001	Basarføremål, avsetting til fond				35000
	2002	Teknisk utstyr				0
	2003	IKT - lydutstyr				0
	2005	Kunst, utsmykking, teksti, liturgisk utstyr				
	2304	Vedlikehald innbu / utstyr				0
	4653	Basarutgifter, innsamlingsutgifter	5000			5000
	4654	Skjønsmidlar eige arbeid (NY) (Spira 2019)	15000			1000
9000	5300	Renter			1000	0
	1301	Gebyr				
	7400	Ref SR/FR				
		4: Kyrkjemusikalsk arbeid / konsertar osv.			30000	60000
6202		Billettinntekter	8324		20000	
8604		Takkoffer kyrkjemusikalsk arbeid	7649		10000	
	1102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor		29273		50000
	1502	Arrangementsutgifter, konsertutgifter (NY)		10110		10000
	1105	Kyrkjelyd/ kulturarr.				







